


På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd: B. Haukanes, A. R. Hauge og B. Bødker



I 1962 – då me var konfirman-
tar - måtte ein vera fylt 14 år
før konfirmasjonsdagen, elles
måtte ein søkja. Dermed vart
kullet samansett av dei som
var fødte frå september 1947
til dei som var fødte fram til
september 1948, i alt 62 stk..
8 av desse er no døde.

Den 9. september – akkurat
på dagen 50 år etter konfir-
masjonen - møtte heile 30 av
jubilantane opp i kyrkja!

Etter gudstenesta på Ådland
gjekk turen til Haga-kyrkja
der me vart møtte av eit vak-
kert pynta festbord. Over ein
god middag med påfølgjande
dessert pluss kaffi og kake,
gjekk praten lett, - minne frå
konfirmasjonstida vart tekne
fram i tillegg til at ein fekk
høyra nytt om kvarandre.
Mange hadde budd borte frå
bygda lenge og det var ikkje
like lett å kjenna alle att. Sær-
leg gutane la nok mange tom-
mar til høgda si etter konfir-
masjonsalderen.

Ja, kvar vart det av dei ein-

kyrkjekalenderen

September

Søn.16. kl.18.00 - Haga
Gudsteneste/ storsamling
Bibel til 5.-klassingane
Andakt v/ Line Bjørhovd

Søn.23. kl.11.00 - Haga
Familiegudsteneste
Søndagsskulens dag
Utdeling av 4-årsbok
Barnekoret syng
Liturg: Johannes Tysse

Søn.23. kl. 19.00
Konsert
A. Bjørnenak (blokkfløyter)
og G. Fredheim (gitar)

Man.24. kl. 19.00 - Haga
Bibeltid v/ Audun Aase

Søn.30. kl. 11.00 - Ådland
Gudsteneste v/
predikant Kristian Helland
Nattverd

Søn.30. kl. 17.00 - Haga
Misjonsfest
Tale v/ tidl. misjonær og
prost Kåre Bakke

Oktober

Søn.07. kl. 11.00 - Ådland
Familiegudsteneste
Dåp

Søn.14. kl. 11.00 - Haga
Gudsteneste
Nattverd

Jubileum for 50-årskonfirmantane



Det er kjekt å treffast og pratast!



"På kyrkjebakken" tok ein prat med m.a.
Marta Mørkve, Bjørg Løland (over), Berit
Gjerde og Arne Sandvik (til høgre)



skilde? Me tok ein liten prat
med eit par av dei og lurte på
kva dei dreiv med og om det
var spesielle ting dei hugsa
frå konfirmasjonstida.

Tvillingsøstrene Marta og
Bjørg Abotnes (no Mørkve
og Løland) var like for 50 år
sidan og er det framleis! Sjølv
om Marta no bur i Samnan-
ger medan Bjørg har heimen
sin i Hundvåg, Stavanger, er
det tette band mellom dei og
dei pratast ofte.

Bjørg har arbeidd i barneha-
ge og særleg med born som
trong litt ekstra oppfølging ,
mange av dei med utanland-
ske foreldre. Det har vore eit
gjevande arbeid og ho vart
kjend med mange flotte men-
neske. Ho har også vore ak-
tivt med i arbeidet til kyrkja

på heimstaden.

Det både Bjørg og Marta
hugsar, er at dei måtte sykla
når dei skulle til konfirmant-
førebuing, annankvar gong
til bedehuset på Tysse og
annankvar gong til kyrkja på
Ådland. Det var ikkje enkelt
når dei berre hadde ein syk-
kel! Då måtte dei låna hos
andre.

Mange nikkar samtykkjande
til dette med syklinga. Ja, eit
par av gutane fortel at dei
jamvel sykla frå Eikedalen
og Storli.

På bildet over ser me Be-
rit Gjerde og Arne Sandvik.
Berit bur i Bergen. Ho har i
mange år arbeidd som kon-
sulent i politiet i Åsane. Der
trivst ho og er ei av dei som
framleis ikkje er pensjonert.

Arne Sandvik har heller ikkje
pensjonert seg og arbei-
der som ingeniør hos Frank
Mohn på Framo Piping på
Hjartås. Han hugsar at et-
ter konfirmantførebuinga på
Ådland, var dei ein tur innom
hotellet og spela Elvis-plater
på jukeboksen der.

Under praten elles kom det
fram dei fleste hadde stor
respekt for presten og at ein
helst ikkje ville koma for
seint til førebuinga. Dei hug-
sar òg at det var mykje som
skulle puggast, både salmar
og bibelvers. Mykje av dette
sit nok framleis att i minnet
til mange, og det er det sik-
kert ingen som har vondt av!

ARH

PS. Bilde av årets konfirman-
tar på heimesidene. Adesse under

Barn og nattverd

Ved dåpen lovar foreldre og
fadrar, i lag med kyrkjelyden
elles, å hjelpe den døypte "å
bruka Guds ord og delta i den
heilage nattverden, så ho/
han kan leva og veksa i den
kristne trua", slik det står i
dåpsliturgien.

I Samnanger er vi dessverre
komne litt kort med å leggje
nattverden skikkeleg til rette
for borna. Sjølv sagt har dei
vore velkomne med fram på
dei vanlege nattverd-gudste-
nestene, men på gudstenester
særleg retta mot borna, har
vi hittil ikkje feira nattverd,
noko dei gjer t.d. i Fusa.

Derfor ønskjer vi, saman
med heimane, å ta dette meir
på alvor, noko prosten også
har bede oss om. For borna
har same retten til nattverd

som vaksne. Ja, for mange
vaksne har deltaking frå bor-
na ført til fornya glede ved å
feire nattverd. Her er då no-
kre tankar for vegen vidare:

- For det første er det borna
sjølve som må vilje det, og
foreldra vere samde i det.

- Når born kjem til gudstene-
ster med nattverd, lyt presten
vere trygg på at det er klart
med foreldra, sjølv om ikkje
dei er til stades, og at dei har
ein annan vaksen å gå med
fram til nattverd.

- Barnet må då på førehand,
ut frå sin alder, få litt hjelp
til å oppfatte kva det er med på.
Å forstå nattverden fullt ut er
det ingen som gjer, for her
er det gjerne undringa som
melder seg. På familieguds-
tenester med nattverd vil det

sjølv sagt på ein enkel måte
bli sagt litt om kva nattver-
den er. Heime kan ein lese
om nattverden t.d. i ein bar-
nebibel. Dei som får den nye
6-årsboka i haust, vil også
der kunne lese litt om natt-
verden. Det vil nok for fram-
tida bli teke litt meir bevisst
opp også i samband med den
vanlege dåpsførebuinga.

Når vi vil starte med natt-
verd på gudstenester for born,
er framleis ope. Det er ikkje
sett opp på nokon av familie-
gudstenestene denne hausten.
Vi får gjerne la det modnast
litt utan å skyve det for langt
inn i framtida. Underteikna
er iallfall svært mottakeleg
for innspel både frå foreldre
og andre.

Audun Aase

Bibeltimar

Der er sett opp to bibeltimar
i haust, 24/9 og 5/11. Begge
handlar om Guds rause gå-
ver. Den første vil handle om
korleis vi er Guds gåver til
kvarandre, og den andre kva
det betyr i praksis når vi et-
ter ofringa i gudstenesta ber:
"Alt vi eig høyrer deg til.
Av ditt eige gjev vi deg at-
tende."

frå kyrkjeboka



Døypte

28.06

Alf-Magnus Tveiten
Tandstad

01.07

Lars Frøland

15.07

- Brage Bjørnås Teige
- Vetle Quam Langhelle
- Sverre Røen Lønning

19.08

Nikolina Nisa Kvernes
Hutehins



Vigde

16.06

Silje Marita Skogli
og Aleksander Hofsø

30.06

Anne Lene Kjeilen
og Tor Henning Grønlien

04.08

Elin Dalseid
og Arild Steinsund

01.09

Karina Liøen
og Knut Harald Frøland



Døde

d. 27.06

Klara Marie Sandvik

d. 03.07

Grete Anny Gangstad

d. 30.06

Ellen Westad

Presten sitt mobilnr.

Ved at fleire ikkje har nådd
fram har det vist seg at nr. i
Lions-katalogen dessverre
er feil. Rett nr. er 41521905.
Elles står alle aktuelle nr. på
heimesida til kyrkja.